

## Mobilitetsveka 2024 opnar måndag 16. september

Måndag 16. september opnar Mobilitetsveka 2024. Miljøløftet markerer dagen med ei morgonutdeling utanfor Vestlandshuset. Utover veka blir det program i alle dei fem Miljøløftet-kommunane, med Bilfri dag i Bergen sentrum laurdag 21. september som eit av høgdepunkta.

Morgonutdelinga utanfor Vestlandshuset den 16. september vil foregå frå 07-00-08.30. **Bytviklingsbyråd Christine Kahrs er med frå 07.30 til 08.30. Ho får selskap av blant anna sykkelsjef Einar Grieg i Bergen kommune og sekretariatsleiar i Miljøløftet, Aina Haugstad.**

Mobilitetsveka er ei feiring av miljøvennlege transportformer, og har program 16. -22. september i alle Miljøløftet-kommunane, Bergen, Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden.

### Sykkelfilm og sykkelmekking

Det blir morgonutdelingar, sykkelshow og sykkelservice gjennom heile veka. Mykje av fokusen vil vere på sykling. Mellom anna blir det norgespremiere på den nederlandske sykkelfilmen «When we cycle», på Kulturhuset i Vaskerelven, tysdag 17. september, kl. 17.

I samarbeid med Miljøløftet vil Bærekraftige Liv og Felles SykkelLab ha til saman fem arrangement, der ein kan komme inn og få hjelp til å fikse sin eigen sykkel.

### Betre trafikkflyt

Onsdag 18. september blir lunsjseminaret «Smarte reiser – betre trafikkflyt» arrangert på Straume i Øygarden. Korleis kan ein få ned køane mellom Øygarden og nabokommunane under bygginga av Sotrasambandet? Korleis kan ein få fleire over på kollektiv og samkøyring? Skyss presenterer pilotprosjektet for samkøyring i Askøy og Øygarden, og Øygarden kommune fortelom status for tiltakspakken God flyt, eit 50-tals tiltak for å få færre personbilar på vegane og betre trafikkflyt.

### Bilfri dag i Bergen sentrum

Den 21. september frå 12.00 til 15.30 blir det Bilfri dag i Bergen sentrum. Vaskerelven, Engen, Veiten og Øvre Ole Bulls plass blir tomme for bilar, men fulle av liv. Det blir gratis aktivitetar for store og små, konsert med bandet «Naboen min» i Vaskerelven, gjenbruksmarknad, spektakulært sykkelshow med MOOW på Torgallmenningen, gratis sykkelservice og mykje meir.

### Om europeisk mobilitetsveke

Mobilitetsveka blir arrangert kvart år frå 16. – 22. september over heile Europa. Målet er å synleggjere korleis du kan reise meir miljøvennleg, samtidig som du dekker transportbehovet ditt.

I 2023 deltok om lag 3350 byar og tettstadar i 45 land. Mobilitetsveka er dermed Europas største kampanje for miljøvennleg transport. Årets tema er delte offentlege rom, rom som gir plass til alle.

Heile programmet for Mobilitetsveka ligg her:

<https://miljoloftet.no/mobilitetsveka/mobilitetsveka2024/>

Programmet for bilfri dag i Bergen sentrum ligg her:

<https://miljoloftet.no/mobilitetsveka/mobilitetsveka2024/bilfridag2024/>

Programmet for lunsjseminaret «Smarte reiser – betre trafikkflyt» ligg her

<https://miljoloftet.no/mobilitetsveka/mobilitetsveka2024/lunsjseminar-smarte-reiser/>

## Kontaktpersonar

### **Aina Haugstad**

*Leiar, Miljøløftets sekretariat*

[aina.haugstad@vegvesen.no](mailto:aina.haugstad@vegvesen.no)

Telefon: 97700413

### **Anders Kjetland**

*Kommunikasjonsrådgjevar, Miljøløftets sekretariat*

[anders.kjetland@vegvesen.no](mailto:anders.kjetland@vegvesen.no)

Telefon: 95706862